

Jernbindingskapasitet (TIBC) i serum

Total Iron Binding Capacity

Bakgrunn

s-TIBC er eit uttrykk for konsentrasjonen av transferrin, som er transportprotein for jern i plasma. s-TIBC blir rekna ut på grunnlag av transferrin: $s\text{-TIBC} = 25,1 \cdot s\text{-transferrin}$.

Sjå omtale av [transferrinmetning](#).

Indikasjonar

Mistanke om hemokromatose. Inntak av overdose med jerntablettar. TIBC blir i slike tilfelle alltid målt saman med s-jern for å rekne ut s-transferrinmetning.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning.
Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

- 0 - 14 år: 50 -80 $\mu\text{mol/L}$
- 14 - 18 år: 45 - 75 $\mu\text{mol/L}$
- > 18 år: 49 - 83 $\mu\text{mol/L}$

Tolkingar

Høge verdiar ser ein ved jernmangel, østrogenpåverknad og akutt hepatitt. Ved jernmangel er det typisk at s-jern er låg, slik at transferrinmetninga blir låg (under 16 %).

Låge verdiar ser ein ved akutte og kroniske inflammasjonar, underernæring og nefrotisk syndrom. Ved hereditær hemokromatose kan s-TIBC være låg eller normal, men transferrinmetninga er som regel høg.

s-TIBC må alltid vurderast saman med [s-Jern \(Fe\) i serum](#)

Ved p-pillebruk ser ein auka verdiar. Gravide kvinner har også høgare konsentrasjon, opp til 50 % høgare i 3. trimester.

Feilkjelde: Unngå langvarig stase.

Når prøven skal brukast i forbindelse med diagnostikk av hemokromatose, bør pasienten vere fastande.

Parenteral jernbehandling gir kraftig auke av s-jern og s-transferrinmetningverdiar inntil 4 – 6 veker etter injeksjonen. Prøvetaking bør difor unngåast i denne perioden.